



Hol kommune
Helene Amundsen
Ålmannvegen 8
3576 HOL

Dykkar ref.
2025/2590

Vår ref.
25/1133 - 2

Dato
22.09.2025

Uttale til 2. gongs offentlig ettersyn og høyring av kommuneplanens arealdel 2024-2036, Hol kommune

Eidfjord kommune ynskjer med dette å gi uttale til Hol kommune sitt 2. gongs forslag til kommuneplanen sin arealdel for 2024-2036. Eidfjord og Hol har felles kommunegrensa i vest, sett frå Hol sitt perspektiv.

Eidfjord og Hol kommunar knytast saman med rv. 7 over Hardangervidda. I planforslaget manglar ein omtale av viktigheita av rv. 7. Veggen er eit viktig bindeledd på nasjonalt nivå, mellom aust og vest, både for tungtransportnæringa og turistferdsla. Statens vegvesen publiserte i 2015 ein konseptvalgutredning knytt til endra trasé for rv. 7 over Hardangervidda. Konklusjonen av arbeidet er å arbeida mot fleire korte tunnelar på Hardangervidda for å sikra trekkorridorar for villrein og betre vilkår for anna naturmangfald.

Begge kommunane er eigarar i føretaket Hardangerviddatunnelene som arbeider for å realisera såkalla miljøtunnelar over rv. 7 Hardangervidda. Eidfjord kommune har i sitt arbeid med kommuneplanen sin arealdel lagt inn ei juridisk lina for ein framtidig trasé for rv. 7 fram til kommunegrensa. Eidfjord meina at ein som nabokommunar bør stå samla kring denne løysinga, slik at det ikkje vert strid med kommuneplan ved oppstart av eit eventuelt planarbeid. Dette syner òg til lokal forankring, og støtte kring kommunalt felleseigd føretak, kring ynskje om ein tryggare trasé for ferdsel aust-vest.

Kommunane deler problematikken knytt til Hardangervidda nasjonalpark og Hardangerjøkulen/Skaupsjøen landskapsvernområde. Kommunen saknar ei vurdering av arealføremål for turistverksemda langs rv. 7 gjennom verneområda og turistverksemd i verneområdet. Det er ikkje synleggjort kva vurderingar ein har gjort knytt til eksisterande turisthytter i verneområdet. Me kan sjå at for Tuva turisthytte er det endra arealføremål frå LNF til næringsbebyggelse (NÆ1).

Me deler erfaringa med å halda sti- og løypeplanarbeidet i stor grad utanføre kommuneplanarbeidet. Ved ein revisjon av sti- og løypeplan som omhandlar løypenett i vest, ber me om å få vera deltakande i ein slik prosess.

Eidfjord kommune ser at Hol kommune har gjort eit godt og grundig arbeid med kommuneplanen sin arealdel, og ynskjer lukka til vidare i arbeidet.

Med venleg helsing

Anne Kommedal
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend i høve interne rutinar og har derfor ingen signatur